

### Eksplasjon i bustad

To personar blei skada i ein kraftig eksplosjon i eit bustadhus onsdag føremiddag i påskeveka. Dei to var i ferd med å skjere opp ein gammal safe med kutteskive i andre etasje i bustaden da ulykka skjedde, og det var under dette arbeidet begge personane blei påført skader. Både politi og ambulanse blei sendt til staden og det

viste seg at han som kutta var hardast skada i ein arm. Mannen blei teken hand om av helsepersonell. Den andre mannen var mindre skada. Det blei også ein del materielle skader ved knuste ruter og innvendige skader i rommet. Huset blei foreløpig avsperra inntil bombe-gruppa i politiet hadde undersøkt ferdig og sikra staden.

### Jublar for støtte til nynorskaviser

Norsk Målungdom er særns nógde med at regjeringa og kulturminister Thorhild Widvey droppar dei føreslegne kutta i nynorske lokalaviser. – Dette er ei klok avgjerd, som er med på å sikre det språklege mangfaldet i norsk presse, seier Karl Peder Mork, påtroppande leiar i Norsk Målungdom. Tidlegare i vinter føreslo



## Kommunereforma

Den blå-blå regjeringa jobbar aktivt for at kommunar i Noreg skal slå seg saman til færre einingar. Debatten om kva for løysingar som er best er allereie i gang.

# Kommunereforma i Danmark: Ikkje betre med større komm

**Den danske statsvitaren Roger Buch meiner kommunereforma ikkje har ført til verken betre økonomi eller meir effektive kommunar.**

*Trine Barka Højmark*

– Økonomien er den same. Det faglege i kommunane blei verken betre eller dårlegare, men dei nye oppgåvene som ein fekk flytta frå fylkesnivå til kommunane blei ein faktisk dårlegare på. Nokon trudde også at ein ville tiltrekke seg fleire innbyggjarar og skape fleire arbeidsplasser med større kommunar, men det skjedde ikkje, seier Roger Buch, statsvitar og forskingssjef i samfunnsvitenskap ved Danmarks Medie- og journalisthøgskole.

Han konkluderer med at den danske reforma i utgangspunktet ikkje har ført med seg nokon fordelar.

Kommunereforma i Danmark blei gjennomført i 2007. Da blei talet på kommunar i Danmark redusert frå 271 kommunar til 98 kommunar. Danmark redusert fra 271 kommuner til 98 kommuner. Buch presenterte tankane sine om kommunereforma i Danmark på Landslaget for lokalaviser (LLA) sitt landsmøte i Bergen.

### Alt er lenger borte

Buch meiner at den danske kommunereforma ikkje har blitt tilstrekkeleg evaluert. I den største rapporten om reforma er det bare snakka med ordførarar og dei administrative leiarane. Sjølv har han sett på kva for fordelar og ulemper reforma faktisk førte med seg.

– Reforma har ført til at alt er litt lenger borte, noko som gjer at lokalsamfunnet kjem under press. I storbyane går det godt, mens utanfor storbyane går det ikkje så godt. Det betyr likevel ikkje at kommunane blir betre av å bli større. Grunnen til at storby-

ane tiltrekker seg fleire innbyggjarar er at det er der universiteta og flyplassane ligg. Det er eit resultat av statlege avgjersler, ikkje av kommunepolitikk, seier Buch.

### Fleire tilsette

Reforma førte også til at det administrative personalet blei større. Kommunane fekk langt fleire administrative tilsette.

– Det er den negative effekten av større kommunar - ein treng meir personale. Det var ein effekt ein ikkje tenkte over på førehand, seier statsvitaren.

Reforma førte ikkje med seg effektivisering i kommunane, for omtrent samtidig kom den økonomiske krisa, og da måtte ein kutte ned på tilbodet til innbyggjarane. Buch peiker på at reforma ikkje førte til umiddelbare stordriftsfordelar, men at personalet auka.

### Blei dårlegare

Saman med kommunereforma blei også ein del oppgåver flytta frå amta, som tilsvarar norske fylkeskommunar, til kommunane. Evalueringar viser at desse tilboda, som i stor grad var spesialiserte sosiale tilbod, blei dårlegare etter reforma.

– Dei funksjonshemma seier at dei har fått eit dårlegare tilbod etter at kommunane overtok tenestene. Det seier seg jo sjølv når ein flyttar oppgåvene frå 14 amt til 98 kommunar, seier Buch.

Han peiker dessutan på at dei gamle kommunane gjorde mellom 90 og 95 prosent av oppgåvene sine veldig bra. Men i staden for å fjerne dei fem til ti prosent av oppgåvene som kommunen ikkje gjorde bra, valte regjeringa heller å gje kommunane fleire oppgåver.

### Upopulære vedtak lettare

Buch meiner også at det ikkje er forskjell på demokratiet i store kommunar i forhold til i små.

– Men det er lettare å ta upopu-

lære avgjersler i større kommunar fordi motstanden verkar mindre. Viss tusen personar demonstrerer mot nedlegging av ein skule, følest det som mange i ein liten kommune. I ein kommune med 55.000 innbyggjarar, følest det ikkje så mykje, seier han.

Buch fortel at etter reforma hadde politikarane like mange vedtak dei skulle ta, men det var færre politikarar. Innbyggjarane hadde fallande politisk interesse og meinte politikarane var mindre lydhøre.

Det positive med politikarane etter reforma var at innbyggjarane syntest dei var dyktigare, noko som truleg skuldast at fleire høgt utdanna blei politikarar i større kommunar enn i små.

### Satsa stort

Samtidig førte samanslåingane til at politikarane prioriterte annleis. Dei satsa stort. Dei bygde store sportspalass og nedprioriterte de små tinga ute i bygdene.

Det blei også en utvandring frå bygdene. Fråflytting frå utkantane hadde pågått lenge i Danmark, men etter reforma tok det mykje kortare tid å fjerne folk frå bygdene.

– Nokon meinte at det var like greitt, for desse bygdene kom jo aldri til å bli beredyktige likevel. Derfor kunne ein like gjerne legje dei ned, seier Buch.

### Regionane neste

Statsvitaren fortel at Danmark ikkje er ferdig med fusjoneringa enno. Den same prosessen er nå i gang med regionane som tok over for amta etter kommunereforma. Da fekk ein oppretta fem regionar i staden for 14 amt. Undersøkingar viser at regionane utfører oppgåvene sine særns godt. Likevel planlegg regjeringa å fjerne dei.

Buch trur at det er noko heilt anna som styrer reformane i Danmark enn nødvendighet, for både regionane og dei gamle kommunane gjorde det bra.



**Ikkje mange fordelar.** Den danske statsvitaren Roger Buch meiner kommunereforma i Danmark ikkje har hausta dei store fordelane. Mykje er som før, bortsett frå dei nye oppgåvene kommunane fekk, som er dårlegare enn før reforma.

Likevel ville regjeringa ha reform.

### Perfekt for dei sjølv

Det som Buch personleg trur kan vere noko av årsaka til den storstilte reforma i Danmark, er at regjeringa laga kommunar som passa den sjølv.

– Den perfekte borgaren er ein som bur i byen, eig bil, sparar til pensjonstida, pendlar, er høgt utdanna, brukar internett, er kritisk og ung. Og kvar finn me denne perfekte borgaren? Jo, i regjeringa. Medlemmene har

designa ein kommunestruktur som passar bra for dei og der dei sjølv bur nå, men eit velferds-samfunn er jo ikkje designa for dei som gjer det godt, seier Buch.